

KAPITTEL 5

Stadnamn og språkhistorie

Ivar Berg Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet

Abstract: People give places names to orient themselves in their physical surroundings, and have always done so. Place names and place-name research are tightly connected to language history; many names are so old that they do not make sense to modern Norwegians, but they can be explained by older language stages. Place names can also be important sources to language history, as they may preserve past linguistic forms otherwise lost, can reveal dialectal divergence through the course of history, and have been the object of language planning in more recent times. People are often interested in place names, their history and etymology. Building on this public interest, place names can also serve as a way to introduce language history to students and pupils. In this chapter, place-name research is introduced as a subdiscipline of linguistics. Furthermore, we look at place names from different times in Norwegian history, what the names themselves tell about history and language change, and what knowledge of the linguistic past we need in order to make sense of them.

Keywords: place names, language history, etymology, philology, dialectology

Innleiing

På skulen lærer ein tidleg at substantiva kan delast i *samnamn* og *særnamn* (bm. *fellesnavn* og *egennavn*). Særnamna kan i sin tur delast i namn på personar, stader og andre unike ting. Her skal me sjå på *stadnamn*, som kan gjelde veldig store stader (*Mjølkevegen*, *Jupiter*, *Asia*, *Noreg*), namn som er viktige for folk i store område (*Finnmark*, *Oslo*) til meir lokale (*Storgata*, *Vågå*) og heilt ned til bygningar eller små lokalitetar som små sjøar, åkerlappar, gardar og enkelthus (*Litjvatnet*, *Langekra*, *Lo*, *Nidarosdomen*). Somme namn er velkjende og bruka av mange, andre namn på småplassar er kjende og bruka av berre nokre få menneske. Slike smånamn er ofte heller ikkje registrerte på kart eller dokumenterte skriftleg, men er like mykje stadnamn for det.

Til dagleg brukar me desse namna som merkelappar på ting som omgjev oss, nært eller fjernt, fordi det er lettare enn geografiske koordinatar. *Nidarosdomen* er jo mykje enklare enn å forklare nett kva kyrkje ein meiner, eller kvar ho ligg. Me tenkjer sjeldan over korleis plassar har fått namnet sitt, men dei har alle si historie og har på eit tidspunkt fått namn som bidrog til å skilje dei ut frå andre stader, slik at folk kunne snakke om dei og orientere seg etter dei. Nokre relativt nye namn har enkle og lettfattelege historier, som *Henrik Ibsens gate*, men for mange namn på gardar, innsjøar, fjell, elvar, øyar og landskap må me tilbake i tid, og dermed blir stadnamna tett samanvovne med språkhistoria.

Stadnamn, språkhistorie og formidling

Stadnamna fortel direkte om språkhistoria ved å vise kva namnelagingsledd som har vore populære tidlegare i historia, samstundes som namna kan bevare ord og former som elles har gått ut av bruk i språket eller dialekten på staden. Dermed kan stadnamna vera ein inngang til språkhistoria, ein inngang som tek utgangspunkt i kjende namn og stader.

Stadnamn er avgjerande for å orientere seg i nærmiljøet for alle menneske, og det er også noko folk faktisk er interesserte i, i motsetjing til – må det vera lov å seie – ein del av det andre rare språkforskarar driv med. Dermed er det eit stort formidlingspotensial i stadnamn, og det folket vil ha, er nettopp dei språkhistoriske sidene ved namna, nemleg opphav, tyding og dialektutvikling. Gode døme på dette er populærvitskaplege artiklar og bøker, og ikkje minst TV-programmet *Nomino*, som gjekk i beste sendetid på NRK (2015–16; ligg i nettarkivet til NRK). Fleire lokalaviser rundt om

har spalter om stadnamn, der dei gjerne blir knytte til lokalhistoria, slik at det blir både namn og historier som folk kan kjenne seg att i.

Stadnamn, språkvitskap og norskfaget

Nedanfor skal me først sjå litt på kva rolle stadnamn har spela innanfor språkvitskapen, og den særlege greina av språkvitskapen som blir kalla namnegransking (eller *onomastikk*). Deretter følgjer ein grovt kronologisk gjennomgang av korleis stadnamn dels er språkhistoriske kjelder, dels krev språkhistorisk kunnskap for å kunne forklarast. Me ser på kjeldene til namna, kva dei kan fortelje om tidlegare språk, og korleis me kan studere og tolke dei. Mot slutten kjem me inn på korleis namna har vore ein del av offentleg språkpolitikk i den moderne språkhistoria. Til slutt skal me seie noko om kva rolle stadnamna kan spela for formidling av språkleg innsikt, både til den såkalla opplyste ålmenta og til skuleelevar.

Mange av døma i denne teksten er henta frå heimtraktene til forfattaren i Sør-Trøndelag. Det er området eg kjenner best, og det viser samstundes at ein kan finne mange døme på ålmenne fenomen på relativt små område. Dette er eit poeng som kan brukast didaktisk. For lærarar kan stadnamn brukast som inngang til dialekt og språkhistorie i undervisinga, men da må dei først vera klare over at materialet er eigna til slikt, og dei må vita korleis det kan brukast. Det krev at førelesarar i norsk og nordisk brukar stadnamn som inngang til dialekt og språkhistorie i undervisinga si. Det er ei von at dette skal vera eit utgangspunkt for å snakke om namn knytte til språkhistoriske fenomen som språkendring, dialektstilje og orddaude, sjølv om stadnamn også kan studerast på andre vis.

Stadnamn, namnegransking og språkvitskap

Skulegrammatikken har alltid hatt eit skilje mellom særnamn og samnamn, ikkje minst for å forklare at den eine gruppa ord skal skrivast med stor førebokstav på norsk. Derimot har ikkje grammatikken hatt veldig mykje meir å seie om særnamna når dette er ferdig forklart. Innanfor språkvitskapen har namn tradisjonelt vorte studerte i all hovudsak frå ein historisk synsvinkel, i tett samband med disiplinar eller fagfelt som etymologi (læra om opphavet til og slektskapen mellom ord), språkhistorie og dialektologi, fordi lokale stadnamn ofte krev kjennskap til dialekten for å vera forståelege.

Gamle og nye tilnærmingar til namnegransking

Det var nok dei som hadde skrive om namn før, men det som etablerte stadnamnegransking som eit eige felt innanfor språkvitskapen i Noreg, var arbeidet med *Norske Gaardnavne* (NG). Denne historia er grundig framstilt av Indrebø (1927), som det følgjande byggjer på.

Samstundes som somme arbeidde for eit eige norsk skriftspråk på 1800-talet, kom det også ønske om å fornorske skrivemåten av mange stadnamn, særleg gardsnamn. Ei nemnd av språkfolk vart sette til å førebu ein matrikkel (offentleg register over fast eigedom) med betre namneformer. Dei gjekk grundig til verks, for ikkje berre føreslo dei nye skrivemåtar, dei samla også inn døme på norske gardsnamn frå eldre tekstar (frå mellomalderen og framover) og uttaleopplysingar om dei ulike namna. Slike opplysingar kunne forklare kva eit namn kom av, og kva ord det var samansett av, og dermed gje føringar for korleis det burde skrivast. Dette arbeidet byrja rundt 1880 under leiing av historikaren Oluf Rygh, og etter at sjølve matrikkelen var ferdig, arbeidde han vidare med materialet for å gje det ut. Dette vart til storverket *Norske Gaardnavne*, som kom ut med eitt band for kvart fylke (*amt* heitte det den gongen) i Noreg. Innleiingsbandet (Rygh, 1898) har vorte omtala som vår første lærebok i (stad)namn. Rygh sjølv døydde midt i fjerde bandet, men verket vart fullført av andre etter førearbeida hans og avslutta med eit tilleggsband om Finnmark (som ikkje var med i det opphavlege prosjektet) i 1924.

Arbeidet med NG la grunnlaget for ein fagtradisjon som la vekt på innsamling og dokumentasjon av eldre skrivemåtar og tradisjonell uttale, som saman med vurderingar av landskapet (rett nok ofte basert på kart) var grunnlag for å tolke og forklare namnet. NG, med oppslag om alle gardsnamn i landet, set gjerne opp ei norrøn standardform der garden ser ut til å vera så gamal. Det er gjort mykje godt og solid arbeid innanfor denne tradisjonen, først og fremst konsentrert om innsamling, men det kan nok likevel innvendast at namnegranskinga ikkje har vore så teoretisk og metodisk nyskapande (jf. Bakken 1998). Frå 1990-åra kunne ein finne noko meir eksplisitt teoretisering og kopling til nyare språkvitskap også i norsk namnegransking (jf. Akselberg, 2000).

Namnegransking og stadnamn kan vera så mykje meir, både frå grammatiske og sociolingvistiske synsvinklar. Proprium er ein viktig del av språkstrukturen med morfologiske og syntaktiske særtrekk som kan undersøkjast nærare, og det som *er* undersøkt, kan bli betre kjent av

grammatikarar. Nokre reint grammatiske eigenskapar ved stadnamn er i nokon mon undersøkte, men det er rom for mykje meir, både historiske undersøkingar og synkrone studiar. Nokre slike døme er genuseigenskapar ved stadnamn (jf. Enger, 2020), adjektivbruk og -bøying (jf. Ge, 2021), artikkelbruk (jf. Haslum, 2003) og preposisjonsbruk (jf. Brekke, 1918).

Det sosiolingvistiske potensialet i stadnamn er stort. Lingvistiske landskap og spørsmål om namn og identitet er noko som gjerne blir teke opp av sosiolingvistar, men også frå onomastisk synsvinkel (t.d. Helleland et al., 2012; *Nordisk tidsskrift för socioonomastik*, 2021–). Slike tilnærmingar har stått sterkare i andre land, men er absolutt aktuelle i Noreg òg. Ikkje minst i språkkontaktområda i nord har offentleg bruk av samiske stadnamn vekt motstand, og motsett har den norske undertrykkinga av tradisjonelle samiske stadnamn vekt ein meir stillfaren motstand. I tallause namnesaker (der offisiell skrivemåte på kart skal fastsetjast) har offentleg språknormering stått steilt mot lokale meiningar, med avisoverskrifter som «De stjal stedsnavnet vårt» (*Fosna-Folket* 9. juli 2014). I skulesamanheng kan stadnamn brukast til å tematisere problemstillingar som særleg er knytte til kjerneelementet språkleg mangfald, til dømes dialektvariasjon, offentleg normering og haldningar til skriftlege og munnlege namneformer. Her skal likevel hovudvekta ligge på koplinga mellom stadnamn og språkhistorie, slik tradisjonen har vore i Noreg.

Det historiske synssettet i språkvitskapen

Da namnegransking vart etablert som ein del av norsk språkvitskap på 1800-talet, var dette ein historisk språkvitskap. Gjennom heile 1800-talet dominerte ei *historistisk* forståing av både natur og kultur, og det fekk i vår samanheng det utslaget at språkvitskap var språkhistorie (jf. Morpurgo Davis, 1998; i meir kompakt form Hårstad et al., 2019, s. 65–71). Eit talande døme er påstanden til den framståande tyske språkforskaren Herman Paul om at «så snart ein går ut over å slå fast enkeltheiter, så snart ein prøver å fatte samanhengen, å forstå fenomena, så trør ein òg på historisk grunn» (Paul, 1920, s. 20).¹

I løpet av 1800-talet vart den såkalla historisk-komparative metoden utvikla, der ein gjennom å jamføre eksisterande og dokumenterte språk

1 Mi omsetjing av originalen: «Sobald man über das bloss Konstatieren von Einzelheiten hinausgeht, sobald man versucht den Zusammenhang zu erfassen, die Erscheinungen zu begreifen, so betritt man auch den geschichtlichen Boden.»

kunne resonnere seg fram til det felles utgangspunktet for seinare former. Særleg i første del av hundreåret var målet å rekonstruere urindoeuropeisk, det sams opphavet til mange europeiske og vestasiatiske språk, medan det seinare vart lagt meir vekt på klårleggje utviklinga av ulike enkeltspråk, med vekt på dei eldste formene. Dei metodane som vart utvikla den gongen, er vidareutvikla og framleis gangbare i historisk språkvitskap. Og dei er viktige i tolkinga av stadnamn, der ein gjerne må resonnere seg bakover for å finne opphavet til eit namn som kan vera mykje omdanna i den moderne dialekten, og der skriftformene (særleg frå dansketida) kan koma av feil- og omtolkingar.

Sjølv om me kan forklare det språklege innhaldet i eit namn, er det ikkje sikkert at me kan forklare *kvifor* namnet er valt, altså namngjevingsmotivet. Eit døme er gardsnamnet *Stokkan*, som finst fleire stader. Formelt er det ingen tvil om at dette er fleirtal (bunden form, sjølvsagt om *-an*-endinga kan vera lagd til lenge etter at namnet vart til) av *stokk*, norr. *stokkr*. Men det er uklårt kvifor dette vart eit gardsnamn. Kan det knytast til ein bein terrengformasjon, slik *Stokken* kan vera namn på rette sund? Eller viser det til stubbar som har stått att etter nyrydding av jord? (Men ein stubbe er jo ikkje det same som ein stokk?) Dette er ikkje eit ukjent fenomen, og derfor kan ein absolutt problematisere i kva grad ei historisk utgreiing av opphavet til eit namn er ei *forklaring*, meir enn ei *skildring*. Den historiske utviklinga er kanskje ikkje ei årsaksforklaring i streng forstand (A er årsaka til B), men fortel oss noko om korleis eit namn – uavhengig av kva namngjevaren tenkte – har fått den forma det har i dag. Og ikkje minst: Folk flest aksepterer gjerne forklaringar av typen «det var sånn i norrønt, og lydutviklinga har vore slik» – og er nøgde med det.

Medan det historiske synssettet var dominerande i språkvitskapen til utpå 1900-talet, vart moderne språk viktigare seinare i hundreåret. I første omgang galdt det forskinga, som i større grad konsentrerte seg om synkrone problemstillingar, både innanfor språkstrukturelle studiar (grammatikk) og talemål, der den historisk orienterte dialektologien utvikla seg til sosiolingvistik. Dette fekk også følgjer for studiefaget norsk/nordisk på universiteta og lærarhøgskulane. Medan studiet tidlegare inneheldt mykje språkhistorie og dialektologi, har det vorte mindre av dette etter kvart; det same har skjedd i skulen, der norskfaget har vorte mykje mindre kulturhistorisk enn det var. Det gjer også at dagens studentar i større grad manglar nokre av dei føresetnadene tidlegare generasjonar hadde for å arbeide historisk med stadnamn.

Stadnamn og språkhistorie

Sjølv om eg ovanfor peika på andre moglege tilnærmingar til stadnamn, skal ærendet her vera den tradisjonelle, historiske tilnærminga, nemleg opphav og tyding (etymologi) og dialektutvikling (språkhistorie). Ein grunn til det er den interessa som finst for stadnamn, særleg dei språkhistoriske sidene ved namna.

Det er slående at nettopp tradisjonsdisiplinar som dialektologi, leksikografi og namnegransking, som ikkje er like sentrale i skulen og på universitetet som før, har eit stort formidlingspotensial. Det er desse sidene ved språket folk flest gjerne er interesserte i, fordi det gjeld ting dei sjølve kjenner frå kvardagen. Det er likevel fint om denne folkelege interessa blir møtt av fagkunnskap, for det blir også skrive mykje ufagleg om stadnamn, i tillegg til mange folkeetymologiar som lever på folkemunne.

Me skal sjå både korleis stadnamn kan vera verdifulle kjelder for språkhistoria og fortelje oss noko om eldre språk, og korleis språkhistorisk kunnskap, inkludert utvikling av dialektar, er naudsynt for å kunne seie noko om den opphavlege tydinga til stadnamna. Tilhøvet mellom språkhistoria og namnehistoria går bae vegar. (For litt meir om språkhistoriske sider ved namn, også personnamn, viser eg til Særheim & Kruken, 2018).

Dei eldste namna – rekonstruert førhistorie

Ein god tommelfingerregel er at di meir uklårt eit namn er, di eldre er det. Namn frå dei siste tusen åra, i alle fall så lenge me har skriftformer av dei på gamalnorsk, kan me vanlegvis forstå meningsinnhaldet i.² Det er rett nok ikkje det same som å forstå *kvifor* det aktuelle namnet er valt. Det er mange døme på at det språklege innhaldet i eit stadnamn er klårt, sjølv om det er vanskeleg å sjå kva som var motivasjonen bak namnevalet.

Førhistorisk namnelaging

Nokre namn, særleg på øyar og fjordar, er så gamle at dei forsvinn i eit historisk mørker. Det er grunn til å tru at dei eldste stadnamna går attende til eit språksteg før germansk skilde seg ut som eit eige språk på det indo-europeiske slektstreet, kanskje 3000 år attende (jf. Særheim & Kruken, 2018,

2 Eg brukar *gamalnorsk* når eg meiner norsk spesifikt, medan eg brukar *norønt* som ei felles nemning på gamalnorsk og gamalislandsk (fram til ca. 1350), slik me finn det i ordbøker og grammatikkar.

s. 276 med referansar). Tolkingar av slike namn blir alltid usikre, men somme gonger er det gjeve plausible forslag som knyter namna til anna indoeuropeisk språkstoff. Eit slikt døme er øynamnet *Alden* (Askvoll i Sunnfjord), tolka som 'den ruvande' og knytt til latin *altus* 'høg'. Da reknar ein med at namnet har vorte til medan forløparen til norsk hadde eit ord **ald-* 'høg' nedervd frå urindoeuropeisk, det sams opphavet til norsk, latin og mange andre språk i Europa og Vest-Asia.³ Utgamle er også dei namna som er danna ved å leggje avleiingssuffiks til ei kjend rot. Me nøyer oss med dømet *Sogn* (fjord, landskap og innsjønamn – no *Sognsvannet* i Oslo), som er danna med eit *-n-*suffiks til rota i verbet *suge* (norr. *súga*). Dei ulike vokalane i *Sogn* og *suge* fører oss over i eit anna språkhistorisk fenomen, nemleg *avlyd*.

Avlyd, vokalvekslinga me finn i sterke verb som *krype* – *kraup* – *krope*, er eit gamalt system nedervd frå urindoeuropeisk. I dette dømet ser me at konsonantane *kr_p* er faste, medan vokalen skiftar; me kallar dette ulike *avlydstrinn*. (I fonologisk forstand tel diftongen /au/ som éin lyd.) I eldre språk, i alle fall fram til urgermansk og truleg urnordisk, kunne avlyd brukast til å laga nye ord. Eit døme på tre ord med eit slikt semantisk slekt-skap med ulike avlydstrinn er *grøt/grjot* 'stein' (norr. *grjót*), *graut* (norr. *grautr*) og *gryte* (norr. *grýta*) (døme frå Hårstad & Berg, 2021, s. 19 og 101). Samanhengen er at gryter kunne lagast av (kleber)stein, og i gryta kunne du koke mjøl og vatn til *graut*. Akkurat dei same formene finn me også att i veldig mange gardsnamn som i dag har former på *Grøt-* (*Grøterud*, *Grøtan* og mange fleire over heile landet), *Graut* (nokre elvar og vatn som *Grautåa*, *Grautsjøen* mfl., kanskje pga. uklårt vatn) og *Grut* og *Grude* (på Jæren med *d < t*; i dialektane kan *grut* tyde 'gjørme, grums', og i svenske dialektar 'grus'). Kjennskap til avlyd som språkhistorisk fenomen kan i slike tilfelle hjelpe oss til å sjå samanhengen mellom ulike namn.

Eit velkjent døme på at eit ord har forsvunne som samnamn, er dei norske fjordnamna på *-angr*. Me har mange av dei, og det har vore føreslege ei opphavleg tyding 'fjord, (trong) vik' (jf. tysk *eng* 'smal, trong'; sjå Hovda, 1955, om tydinga). Allereie i vikingtida må *angr* ha vorte erstatta av *fjorðr* som det vanlege namnet på denne terrengformasjonen. Det kan me seie nokså sikkert, for Island, som vart busett i tida rundt 900, manglar heilt namn på *-angr*; alle fjordane der heiter eitkvart med *-fjörður* (frå norrønt *-fjorðr*). Da fjordane på Island fekk namn, må *fjorðr* ha vore det vanlege

3 Stjerna i **ald-* viser at dette er ein rekonstruksjon, for ordet forsvann før skrift kom i bruk – men kan vera bevart i stadnamnet *Alden*.

ordet for havarmar som stikk inn i landet. Seinare har innhaldet i *-anger* vorte uklårt for folk i Noreg, og mange slike namn har fått det forklarande tillegget *-fjorden*, som *Hardangerfjorden* (norr. *Harðangr*).

Ei gruppe namn som kan nemnast her, er dei mange som inneheld norrøne gudenamn eller ord knytte til førkristen kultur. Det har vore omdiskutert kor mange slike namn me har, men nokre må reknast som heilt sikre. Mange av dei inngår i gardsnamn, og somme har seinare vorte velkjende. Døme kan vera dei opphavlege gardsnamna *Ullevål*, *Nardo* og *Torshov*. Føreledda i dei to første er gudane *Ullr* og *Njorðr*, medan *Torshov* av *Þórr* og *hof* 'hov, plass for gudedyrking' vitnar både om gudar og gudedyrking. (*Hov* i stadnamn kan også ha andre tydingar, men koplinga til gudenamnet *Tor* gjer den kultiske tydinga truleg i *Torshov*.)

Namnelaging med avleiingssuffiks er tydelege teikn på høg alder, seinast frå urnordisk tid. Det same gjeld nye ord som har vorte til ved avlyd, men der kan eit seinare forsvunne samnamn ha vore utgangspunkt for namnet me kjenner i dag. For namn kan innehalde slike elles forsvunne ord og røter, og i fleire tilfelle var orda borte som samnamn allereie før dei skriftlege kjeldene til norrønt på 1200-talet. Namn som direkte vitnar om førkristen religion, må vera frå før kristninga rundt år 1000. Slike namn er direkte minne frå vikingtida og enda eldre tider.

Døme: Ord for 'eng'

Som ein liten punktstudie skal me sjå ulike ord for *eng*: *fit*, *ló*, **mōð*, *vin*. Alle desse orda betyr noko med *eng*, men var ikkje lenger vanlege samnamn i norrønt, og me kan prøve å jamføre tydingane av dei. Seinare har *eng* vorte det einaste ordet for dette fenomenet (inkludert samansetjingar som spesifiserer typen av eng, til dømes *slåtteng*). Nedanfor følger definisjonar frå dei vanlege oppslagsverka *Norrøn ordbok* (NorrO), *Norsk stadnamnleksikon* (NSL) og *Norsk ordbok* (NO).

- fit* 'flat eng, helst attmed vatn' (NorrO), 'flat eng, låg (ofte overfløymd) grasvoll ved vatn' (NO), 'flatvoren, frodig eng attmed vatn' (NSL). Bevarer som samnamn i nokre dialektar, men vanlegare i stadnamn.
- ló* 'glenne, lysning i skog?' (NorrO), 'engslette, grasvoll; lågt engstykke attmed vatn' (NO); 'engslette ved vatn' (NSL; jf. færøysk *lón* 'd.s.'; opphavleg tyding 'glissen krattskog, underskog med gras'

el. 'lysning, open plass (i skog)'. Berre kjent i stadnamn i norrønt, sporadisk samnamn i dialektar (NO).

**mōð* 'eng (ved vatn)'? NO har *mad* 'vass-sjuk eng' (Idd i Østfold) og 'grasbakke langsmed sjøen' (Torsnes i Østfold); den første tydinga heng godt saman med svensk *mad*; tilsvarende også i dansk. NSL nemner **mōð* 'våt eng' under oppslaget *Mausund*. NorrO har *Mōðvar* f. pl. som gardsnamn i Luster, sett til eit rekonstruert **mōð* f. 'eng'. Andre gamalgermanske språk og komparativ evidens talar for ei opphavleg tyding knytt til 'slått, slege gras', som er vidareutvikla til 'våt eng' i svensk, dansk og nokre norske dialektar (Mascetti, 2024).

vin 'beite, naturleg eng' (NorrO, NSL), 'engslette (i stadnamn)' (NO). Berre kjent i stadnamn i norrønt og seinare.

Desse orda har svært nærliggjande tydingar, og dei viser til eit finstilt ordtilfang for ulike terrengtypar. Alle orda har sætande germanske og indoeuropeiske etymologiar, så dei må ha vore i språket samstundes, og me kan finne dei i stadnamn nær kvarandre, til dømes i gardsnamna *Fitjan*, *Lo*, *Maum* (truleg av dat.pl. **Mōðum*) og (truleg) *Sno(e)n* berre på nokre kilometer i Meldalen i Sør-Trøndelag. Anten må det ha vore tydelege meningsforskjellar mellom dei fire orda, eller så har dei vore populære i namnelaging til ulike tider. Nøyaktig korleis tydingsnyansane eventuelt var, er det ikkje heilt lett å seie no. Det viser seg òg i ordbøkene, som i nokre tilfelle set spørjeteikn ved den føreslegne tydinga.

I tillegg til dei nemnde har me også i tradisjonelle norske gardsnamn ei mengd namn på *vangr* og *vøllr*. Dei viser også til liknande typar terreng, og berre meir detaljerte studiar kan vise når dei har vore produktive, og kva spesifikk terrengtype dei har vist til. Når fleire av orda i ettertid har vorte tolka som 'eng (ved vatn)', så kan ein lure på om det rett og slett er fordi mange gode enger ligg nær vatn. Orda kan knapt ha vore heilt synonyme, men nyansane her er tapte for oss. Det me kan vera sikre på, er at desse namna vart til i førhistorisk tid, sidan orda ikkje lenger var i bruk som vanlege samnamn i norrønt.

Stadnamn og filologi – skriftlege kjelder


Dei eldste namna kjenner me i sjeldne tilfelle frå runeinnskrifter, men elles frå yngre kjelder, skriftlege eller i heilt moderne tid munnlege. Runeinnskriftene

er få og har berre nokre få stadnamn, til dømes gardsnamnet *Kleppe* på Jæren i ei innskrift frå ca. 1000. Det er først når det latinske alfabetet kjem til Noreg, at me får ein større litteratur med ei mengd stadnamn. Dei eldste tekstane som framleis finst, er frå rundt 1200, men dei er avskrifter av eldre tekstar, slik at tradisjonen går litt lenger bakover. Sjølv om det meste av kjeldematerialet frå mellomalderen er utgjeve i bøker i moderne tid, krev det ein del bakgrunnskunnskap, både om språk og skriftkultur meir generelt, for å kunne forstå dei fullt ut. Den fagtradisjonen som studerer skriftlege kjelder til eldre tid, kallar me *filologi*, og metodar frå filologien er nyttige når ein skal tolke gamle stadnamn.

Skriftlege kjelder frå mellomalderen

Når eit stadnamn er nedskrive på gamalnorsk eller mellomnorsk fram til første del av 1400-talet, kan me vanlegvis setje opp ei norrøn normalform og finne fram til det språklege innhaldet i namnet. Ein god del namn, særleg på større område, er nemnde i sagalitteratur og andre tekstar frå 1200-talet. Seinare vart det ikkje skrive så mange episke (forteljande) tekstar i Noreg, det var det islendingane som dreiv med, og dei fleste norske tekstane etter 1300 er *diplom*. Dette er korte tekstar med juridisk innhald (i brei forstand). Svært mange av dei er vitnebrev der ei rad menn (nesten alltid karar) stadfestar ein gardhandel, slik at mange gardsnamn dukkar opp i desse tekstane, også for å identifisere nemnde personar (slektsnamn var det berre adelen som hadde).

Nokre av tekstane frå mellomalderen er lister over eigedom og landskyld, altså kor mykje drivaren skulle betale i leige. For dei fleste bønder var leiglendingar som ikkje åtte jorda si sjølv; det gjorde kongen, kyrkja og adelen. Særleg knytt til bispeseta har me såkalla *jordebøker* med oversyn over eigedomar frå seinmellomalderen, og dette er viktige kjelder til gardsnamna. Mange er første gong nemnde skriftleg i desse kjeldene, og da kan me oftast gje ei sikker tolking av dei. Det er bevart slike jordebøker frå bispeseta i Bergen (ca. 1350), Oslo (ca. 1390) og Trondheim (ca. 1433; sjå figur 1). Det er klart at for å kunne bruke slike kjelder må ein ha ein del filologisk kunnskap. Dei fleste vil møte eit første hinder allereie ved handskrifta, men heldigvis er dei fleste norske mellomalderkjeldene utgjevne av dyktige filologar og tilgjengelege for oss i vanleg trykkskrift.



Figur 1. Aslak Bolts jordebok, bladside 74. Riksarkivets diplomsamling, RA/EA-5965/F13/F13b/L0013: NRA dipl. München papir, nr. 4292. <https://www.digitalarkivet.no/db50000910200071>

Transkripsjon (jf. AB s. 82 f. med nokre litt andre val i attgjevinga).

Kursiv markerer bokstavar eller ord som er forkorta i handskriftet, jf. figur 1. Legg merke til at dei to øvste gardane i utdraget er slegne saman med felles avgift.

af syndztagardhenom j ree ix spanna leigha	bygt fire iij spann	av synste garden i Re 9 spannsleiger	bygsla for 3 spann
af seliuberge iij spanna leigha aut		av Sølberg 3 spannsleiger, øyde	
af steig ij pund er haluardher biørnsson gaf		av Steigen 2 pund som Halvard Bjørnsson gav	
af steig ij luter eignar aut j almerki		av Steigen 2 delar av eignedomen, øyde, i allmenningen	
af awalzstadhom xi spanna leigha bygt fire iij span		av Ofstad 11 spannsleiger, bygsla for 3 spann	
af lunde ix spanna leigha bygt fire iij span		av Lund 9 spannsleiger, bygsla for 3 spann	

To gardsnamn som ut frå notidsformene *Sølberg* og *Ofstad* kunne vore nokså uvisse, lèt seg lett tolke av skriftformene i Aslak Bolts jordebok, laga av erkebisp Aslak Bolt i Nidaros rundt 1433. I andre lina i figur 1 står det «af seliuberge». Tolkinga blir da 'seljeberg', ein berglendt stad der det veks selje. I nest siste line i figuren les me «af awalzstadom». Det tyder på at gardsnamnet kjem av mannsnamnet *Ávaldr* + *staðir*, som seinare er trekt saman til *Ofstad*. Same namnet finst to andre stader i Trøndelag der me ikkje har gamle skriftformer, men ein reknar gjerne med at bakgrunnen er den same alle stader på bakgrunn av denne sikre forma.

For trønderske namn er Aslak Bolts jordebok oftast siste sjanse til å finne ein bortimot gamalnorsk skrivemåte, og det same gjeld skriftlege kjelder frå tidleg 1400-tal andre stader i landet. Seinare blir skrivemåtane

mindre å lite på, og det heng saman med ei av dei store hendingane i norsk skriftspråkhistorie. For samstundes som namna vart omlaga i utviklinga av talemålet, vart skriftspråket utover 1400-talet meir og meir dansk.

Skriftlege kjelder frå tidleg nytid

Frå rundt 1500 vart skriftspråket i Noreg dansk. Det gjeld i stor grad også stadnamna. Dei som skulle skrive, prøvde gjerne å gje namna ei form som passa med dansk skriftspråk. Dei kunne òg gjera folkeetymologiske tolkingar og så skrive det danske ordet dei trudde inngjekk i namnet. Slike døme er *Hvidesø* om Kvitesid i Telemark (det er eit eid, ikkje ei øy) og *Sneaasen* om Snåsa i Nord-Trøndelag (norr. *snøs* 'framspringande fjell', ikkje *snø* + *ås*).

Mange namn som heilt sikkert er eldre, frå vikingtida eller til og med før, er først nemnde i skriftlege kjelder i moderne tid. *Norske Gaardnavne* registrerer former fram til den landsdekkjande matrikkelen i 1723 (og nokre yngre skrivemåtar), men dei skriftlege formene frå dansketida er nokså usikre som grunnlag for tolking av opphavet. Dei må i alle fall vurderast kritisk.

I arbeidet med dei skriftlege kjeldene er det ein stor føremon å ha filologisk skulering. Eit klassisk prinsipp frå tekstkritikken kan også overførast til tolking av eldre skrivemåtar og eventuelle omlagingar av namn. Tekstkritikk (sjå t.d. Haugen, 2014) dreier seg om å jamføre ulike handskrifter med sikte på å finne den opphavlege teksten, for nær alle handskrifter som er gøynde frå mellomalderen, er avskrifter, ofte i fleire ledd, av eldre tekstar. Dei ulike handskriftene av ein tekst vil ofte ha ulike variantar, og da er regelen at den vanskelegaste lesinga mest truleg er den opphavlege. Endring skjer gjerne til det mest vanlege/naturlege/logiske/meiningsfulle, og bort frå det sjeldne/utdøyande/overraskande. Det er same prinsipp som ligg under *folkeetymologi*, der folk tolkar ukjende ord eller ledd som noko kjent. Eit klassisk døme er *sukke(r)lade* for *sjokolade*, som har vore vanleg i mange dialektar (sjå NO under *sjokolade*).

Tolkingsdøme: Vålåskaret

Eg skal sjå på eit døme frå heimbygda, nemleg *Vålåskaret* ~ *Vålåsgard'n*, uttala [voɾoska:ɲ] (jf. Hårstad & Berg, 2021, s. 105 f.). I dag er dette ei seter-grend (freda i 1967), men tidlegare var det sjølveigargard. Men namnet må

helst vera eldre, for her har det nok vore ferdsel over til nabobygda Rindalen på Nordmøre i lange tider, og eit namn har sikkert plassen hatt.

Dei eldste skrivemåtane er slik (frå NG, band 14, s. 157): «Wedeschaar 1624. Wedeschar 1626. 1631. Vederschar 1664. Wederschar 1723.» Alle er frå godt inne i dansketida, da det finst mange rare og forvanska skrivemåtar av norske stadnamn i kjeldene, men formene viser i alle fall at namnet konsekvent har vorte oppfatta som *-skar*. Uttalen i dag høyrer ut som bunden form *garden*, men er i røynda tvitydig. Artikkelen *-n* kan leggjast til namn også der han ikkje høyrer heime historisk, til dømes *Sølbergen* sjølv om samnamnet *berg* naturlegvis er eit inkjekjønnsord. Dermed er det ikkje umogleg at *skar(et)* kan ha vorte til *skar'n* i eit gardsnamn.

Etter ustemt konsonant som /s/ blir alle konsonantar ustemde i norsk, slik at [sk] = /sk/ eller /sg/. Når førsteleddet i eit samansett namn sluttar på *-s*, kan ein derfor ikkje høyre forskjell på *-skar* og *-gard* i norsk, og *-skar* i gardsnamn har ofte vorte omtolka til *-gard* (jf. Rygh, 1898, s. 51 og 75). Eit slikt døme er *Vasskor* i Romsdal, som er fleirtal av *skar* (med omlyd som i *barn* – *born* på nynorsk, og i fleire ord i mange dialektar); det heiter jo ikkje *gård* med /o/ i romsdalsk.

Derfor kan det vera grunn til å tru på «schar» i dei eldste kjeldene, for det er den vanskelegaste lesinga (jf. ovanfor); ei naturleg omtolking hadde vore til *gard*, ikkje andre vegen. Ei omtolking av *skar* til *gard* er eit døme på folkeetymologi, der *skar* i eit gardsnamn blir tolka som det velkjende ordet *gard*.

Det er altså fleire gode argument for den tradisjonelle etymologien, som set stadnamnet til eit norr. **viðarskarð* 'skogskar'. Forma *viðar* (gen. av *viðr* 'skog, ved') ville naturleg utvikla seg til *vådå* i trøndersk (ei endring som blir kalla *(ut)jamning*), som i /voto/ < *vita* 'vita' og /vodo/ < *vaða* 'vada'. I så fall har det skjedd ei sporadisk endring av *ð* til tjukk *l* som er heilt uvanleg, så forklaringa er langt frå sjølvsgd. Men ho er truleg den beste me har.

Stadnamn, språkhistorie og dialektologi

Stadnamn kan vera gode kjelder til å studere dialektgrenser i eldre tid, fordi namna naturleg nok er knytte til ein stad. Frå dansketida har me veldig få skriftlege kjelder til norsk, men stadnamn kan vera nedskrivne meir eller mindre etter den lokale dialekten. Da kan dei vise eldre isoglossar, altså utbreiinga av ulike målmerke. Samstundes er god dialektologisk kunnskap

avgjerande for å forstå mange namn, og ikkje minst for å vurdere om dei eldre skriftformene er «ekte» (jf. førre bolk).

Stadnamn og dialektgrenser

Ofte kan stadnamn vise tidlege døme på språkendingar i mellomnorsk tid. Det kan forklarast med at stadnamna ikkje har hatt den same skrifttradisjonen som andre ord, og dermed har dei vorte skrivne «etter øyra» i større grad. Nokre slike døme på at namn kan tidfeste kjende språkendingar i norsk (frå Berg, 2017 og 2018):

- Gardsnamnet *Mjelland* i Notodden er skrive «Myøddælandh» i 1493. Det viser overgangen *ll* > *dd*, som er kjent frå seinare telemål – men berre lenger vest, så det kan sjå ut som om denne overgangen først skjedde over eit større område.
- *Aurland* i Sogn er skrive «Wdhlandhe» (der 'w' skal lesast som *u*) i 1438 og viser endringa */rl/* > */dl/*. Denne endringa kan gjerne vera eldre, men sikre døme er sjeldan å sjå i skrift før utpå 1400-talet (Berg, 2018, s. 177).
- Gardsnamnet *Aspgutu* (Frosta i Nord-Trøndelag) dukkar første gong opp i kjeldene ca. 1533 i forma «asguttu». Namnet må koma av eit eldre *-gøtu* (oblik form av *gata*) og vise jamninga som seinare er velkjent i trøndersk.

I slike tilfelle kan stadnamna vera dei første døma på at nye dialektformer som me kjenner frå seinare tid, dukkar opp i dei skriftlege kjeldene, i desse tilfella i seinmellomalderen. Men også i seinare tid kan stadnamn brukast som indikasjonar på eldre isoglossar, slik Haslum (2004) argumenterer for at «blaute konsonantar» (*/b d g/* av norr. */p t k/*) har gått lenger inn på Agder enn dei gjer i dag. Hovudargument hans er talrike stadnamn som inneheld *depel* 'dam, pytt' i former som *dible/dyble* nord for grensa for dette talemålstrekket i dag. På tilsvarande vis har Inge Særheim (2015) vist at fleire isoglossar på Sørvestlandet har gått annleis i tidlegare tider enn dei gjer i dag (eller for hundre år sidan, slik det er dokumentert i dialektologien).

Tolkingsdøme: Hårstad og Hurunda

Dette er namn på ein gard og ei å i Rennebu (sjå Hårstad & Berg, 2021, s. 84). Eldste skrivemåte av gardsnamnet er «horundzstadhom» i Aslak Bolts jordebok frå ca. 1433 (AB, s. 78), og det er veldig naturleg å tenkje seg

at gardsnamnet er samansett med eit elvenamn norr. **Hǫrund*. Avleiinga *-und* finst i fleire andre elvenamn i området (*Tjåttånda*, *Ryånda*, *Lomunda*) og blir vanlegvis tolka som 'kjenneteikna av' eller liknande (Nyman, 2000). Ei slik avleiing føreset ei urgermansk rot **har-* 'hard, stein(ut)' som me truleg finn att i *Horg* mange stader (usamansett eller samansett). Den vidare etymologien her er omstridd (sjå Heide, 2014, som føretrekkjer ei anna forklaring).

Kanskje var den gamalnorske forma **Hǫrundarstaðir*, med elvenamnet **Hǫrund* i genitiv. Fugen *-ar-* var borte før den første skriftforma frå 1433. Utviklinga frå **Hǫrund* til [hʊrʊnɔ] (med tillagd bestemd artikkel) er regelrett og heilt som ein kunne vente; dette er igjen trøndersk jamning som me også såg i *gutū* (norr. *gotu*) ovanfor. Men kvifor heiter ikkje garden ***Hurundstad* eller ***Hurstad*? Forklaringa må vera at gardsnamnet vart trekt saman slik at den andre stavinga *-und-* fall bort før jamninga. Det er vanleg at samansette stadnamn blir trekte saman, som i dømet Ofstad av norr. **Ávaldsstaðir* ovanfor.

Dermed kan me setje opp ein relativ kronologi: Gamalnorsk **Hǫrundarstaðir* hadde vorte til *Horundstadir* (lett normalisert) i 1433; så fall bøyingsendinga bort og namnet vart trekt saman til *Hårstad*, som er forma i dag. (Kort *o* har same uttale som *å*, men namnet burde eigentleg skrivast med ⟨o⟩ etter den sannsynlege etymologien.) Deretter vart *Horund(a)* til *Hurunda* som er forma i dag. Legg merke til at me ovanfor møtte ei fullt utvikla jamningsform *Asgutu* i 1533. Til saman er dette argument for å plassere jamninga heilt mot slutten av seinmellomalderen. Her bør ein naturlegvis leite etter fleire døme, og ein må ta høgde for dialektvariasjon i gjennomføringa av prosessen, men stadnamn med tidfesta skrivemåtar er gode utgangspunkt.

Stadnamn i moderne tid

Språkhistorie er ikkje berre det som skjedde for fleire hundre år sidan, men også noko pågåande. I dag kan me sjå at mange stadnamn verkar uforklarlege, fordi dei inneheld ord som var vanlege i gamalnorsk, men seinare har gått ut av bruk. Fordi stadnamn kan skilje seg frå ordtilfanget elles, kan dei halde på lyd- og bøyingsformer som elles har endra seg. Eit slikt døme er assimilasjonen /mb/ > /m:/ som har skjedd i dei fleste dialektar i til dømes ordet *kam* (norr. *kambr*). Men framleis kan ein finne *-kamben* i namn på åsar og høgdedrag, sjølv der folk kjemmer seg med ein *kam*. Da

har særnamnet og samnamnet skilt lag, og stadnamnet har halde på ei form som viser eldre språktilhøve.

Stadnamn og språkpolitikk

I nyare tid har det kome til mange nye stadnamn, særleg veg- og gatenamn. Fram til 1800-talet var byane våre få og små, medan stordelen av folket no bur i tettbygde strok. Mange bydelar og liknande større område (t.d. *Groruddalen*, *Bygdøy*, *Bærum*) vidarefører gamle namn på gardar eller område, men dei mange vegane og gatene har ofte fått nye namn. Her er namnelaginga såpass fersk at namna er lette å forstå, og ein kan diskutere kvifor dei ulike namna er valde (jf. kapittel 6 av Budal, 2024).

Språkpolitikk og normering er sentrale tema i nyare norsk språkhistorie, og det har òg inkludert stadnamn. Ein del av fornorskinga av skriftspråket var ei tilsvarande fornorsking av norske namn, frå fylke og bispedøme via byar til skrivemåten av gardsnamn (jf. Indrebø, 1927). Særleg endringa av *Trondhjem* til *Nidaros* møtte sterk motstand og enda med kompromisset *Trondheim*, og er ei interessant sak å diskutere saman med anna offentleg språknormering.

Ein kan òg peike på at mange slektsnamn framleis har danske skrivemåtar, og dermed står i motsetjing til gardsnamna som ofte er utgangspunktet, for dei skal etter stadnamnlova ha norsk skrivemåte i tråd med den tradisjonelle dialektuttalen.⁴ Dette møter mange stader motbør frå folk som vil skrive gardsnamn på same måte som slektsnamn med skrivemåtar frå dansketida. Slike saker opnar for å diskutere spørsmål om namn og identitet, og den medvitne språkpolitikken dei siste 150 år for å etablere eit eige norsk skriftspråk (eller to).

Namneinnsamling

Som nemnt innleiingsvis har norsk stadnamngransking dreidd seg mykje om innsamling og tolking. Noko slik innsamling er gjort i regi av skulen, i dei såkalla skuleborninnsamlingane i 1930- og 40-åra.⁵ Da skreiv barneskuleelevar opp namn i nærmiljøet sitt, inkludert historier og segner knytte til namna, og dei skreiv på dialekt. Tilsvarande kan ein òg gjera i

4 Stadnamnlova på Lovdata: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1990-05-18-11>.

5 Sjå ein presentasjon her: <https://www.youtube.com/watch?v=RQwYCz3wGaA>.

dag for å finne mindre namn i nærområdet enn gardsnamna, som er drøfta vitskapleg i NG.

Språkrådet har i fleire år gjeve stønad til innsamlingsprosjekt i Noreg. Dette har vore drive fram lokalt, ofte av historielag eller liknande organisasjonar, og ofte i samarbeid med ein namnekunnig fagperson. Dette materialet er lagt ut på nett, og sjølv om det er blanke flekkar på noregskartet, vil mange kunne finne ferdige samlingar frå sine heimområde.⁶ Her er mykje materiale som er innsamla, men førebels ikkje utnytta i forskning, så det kan vera utgangspunkt både for større studentoppgåver og mindre arbeid i skulen.

Avsluttande moral

Gransking av stadnamn er ein møteplass for fleire delar av språkvitskapen. Eg har prøvt å seie noko om sambandet mellom stadnamn og språkhistorie, og har vore innom meir spesialiserte disiplinar som lydhistorie, etymologi, dialektologi og filologi. Me har sett korleis ein kan bruke språkhistorisk og filologisk kunnskap i tolkinga av stadnamn, og korleis namna sjølve kan vera viktige kjelder til språkhistoria. Fordi stadnamna ofte er nedskrivne i tekstar som er (meir eller mindre nøyaktig) dagsette, som diplom og jordebøker, og oftare enn vanlege og frekvente ord kan vera skrivne etter øyra, kan dei brukast til å tidfeste språkendringar me veit har skjedd på vegen frå gamalnorsk til moderne norsk. Stadnamn bør derfor inkludera som naturlege døme i språkhistoria. Og fordi me alle er omgjevne av stadnamn som me brukar for å orientere oss i nærmiljøet, stadnamn med ulike historier og frå ulike historiske periodar, kan dei samstundes vera ein inngang i seg sjølve til å studere språkhistorie.

Ikkje minst er stadnamn noko det er ei viss interesse for, som ein ser i populærvitskapleg formidling. Her kan ein vise til program som *Nomino* på NRK og mykje lokalhistorisk og populærvitskapleg litteratur. Denne interessa er eit godt utgangspunkt, men det er ein føremon med fagleg kvalitetssikring, så ikkje folkeetymologien og agen for gamal dansk skriveskikk får rå. Men den interessa som faktisk finst, er eit godt utgangspunkt for å inkludere stadnamn i undervising og formidling som også må koma inn på ulike sider ved den norske språkhistoria, både i ny og gamal tid.

⁶ Sjå nettsida med lenke til registreringsverktøyet og det innsamla materialet: <https://www.sprakradet.no/Sprakarbeid/Stedsnavn/sprakradets-registreringsverktoy/>.

Forfatterbiografi

Ivar Berg er professor i nordisk språkvitskap ved Institutt for språk og litteratur, Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet. Berg arbeider med ulike sider ved norsk språkhistorie frå mellomalderen til i dag, både språkstruktur og språksosiale forhold. Han er redaktør for det namnefaglege tidskriftet *Namn og nemne* og har blant anna skrive innføringsboka *Språket som vart norsk* (2019) og ei rekkje artiklar om språkendring, språksosiale forhold og filologi.

Referansar

- AB = *Aslak Bolts jordebok*, utg. av J. G. Jørgensen. Riksarkivet. (1997). Digitalarkivet. <https://www.digitalarkivet.no/source/102948>
- Akselberg, G. (2000). Onomastisk teorigenerering. Grunnlag og utvikling. I K. Bakken & Å. Wetås (red.), *Namn gjennom 2000 år – namn i år 2000* (s. 31–43). Seksjon for namnegransking, Universitetet i Oslo.
- Bakken, K. (1998). Forholdet mellom norsk navnegransking og språkvitenskapen. *Maal og Minne* 1998, (1), 67–83.
- Berg, I. (2017). Kor gamle er dei norske dialektane? I J.-O. Östman, C. Sandström, P. Gustavsson & L. Södergård (red.), *Ideologi, identitet, intervention. Nordisk dialektologi*, 10 (s. 123–132). Helsingfors universitet.
- Berg, I. (2018). Geografisk og sosial variasjon. Tida fram til 1600. I B. Mæhlum (red.), *Norsk språkhistorie II. Praksis* (s. 165–190). Novus.
- Brekke, A. (1918). *Om præpositionsbruken ved islandske og norske gaardnavne*. Aschehoug.
- Budal, I. B. (2024). Språkspor på Bryggen. Lingvistiske landskap og lingvistiske palimpsestar. I E. B. Stykket, I. B. Budal, B. Ø. Thorvaldsen & U. Vindenes (red.), *Språkhistoriske muligheter i skole og utdanning* (s. 99–120). Cappelen Damm Akademisk. <https://doi.org/10.23865/cdf.237>
- Enger, H.-O. (2020). Det gamle Kristiania var nok vakkert, men er Oslo fin eller fint? Om genus ved noen stedsnavn. *Namn og Nemne*, 37, 7–36.
- Ge, W. (2021). *Kasusformer av adjektiviske førsteledd i sammensatte stedsnavn fra Ullensvang* [Masteroppgåve, Universitetet i Oslo]. DUO vitenarkiv. <http://urn.nb.no/URN:NBN:no-91504>
- Haugen, O. E. (2013). Tekstkritikk og tekstfilologi. I O. E. Haugen (red.), *Handbok i norrøn filologi* (2. utg., s. 76–126). Fagbokforlaget.
- Haslum, V. (2003). *Artikkelløse stedsnavn i norsk talespråk. En studie i onomastikk og dialektologi* [Doktoravhandling]. Universitetet i Bergen.
- Haslum, V. (2004). Bløte konsonanter. Novasjon eller reliktfenomen i sørnorske dialekter? *Maal og Minne* 2004, (2), 148–160.
- Heide, E. (2014). *Hjørgr* in Norwegian names of mountains and other natural features. *Namn og nemne*, 31, 7–51.
- Helleland, B., Ore, C.-E. & Wikstrøm, S. (red.). (2012). *Names and identities. Oslo Studies in Language*, 4(2).
- Hårstad, S. & Berg, I. (2021). *Namn langs Orkla*. Museumsforlaget.
- Hårstad, S., Lohndal, T. & Mæhlum, B. (2019). *Innganger til språkvitenskap*. Cappelen Damm Akademisk.
- Indrebø, G. (1927). *Norsk namneverk*. Olaf Norli.
- Mascetti, S. (2024). Gamalnorsk *mǫð f. 'slåtteeng' i norske stadnamn. *Namn og nemne*, 41, 35–53.

- Morpurgo Davies, A. (1998). *Nineteenth-Century Linguistics* (History of Linguistics IV). Longman.
- NG = *Norske Gaardnavne*, sjå Rygh mfl. (1897–1924).
- NO = *Norsk ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet. 1966–2016*. Samlaget. <http://no2014.uib.no>, <https://alfa.norsk-ordbok.no>
- NorrO = *Norrøn ordbok*. (2008, 5. utg.). L. Heggstad, F. Hødnebo & E. Simensen (red.). Samlaget.
- NSL = *Norsk stadnamnleksikon*. (1997, 4. utg.). J. Sandnes & O. Stemshaug (red.). Samlaget.
- Nyman, E. (2000). *Nordiska ortnamn på -und*. Kungl. Gustav Adolfs Akademien för svensk folkkultur.
- Paul, H. (1920). *Prinzipien der Sprachgeschichte* (5. utg.). Tübingen.
- Rygh, O. (1898). *Norske Gaardnavne. Forord og Indledning*. Cammermeyer.
- Rygh, O. mfl. (1897–1924). *Norske Gaardnavne* (bd. 1–18). Cammermeyer.
- Særheim, I. (2015). Stadnamn og dialektskilje. I B. Eggert & R. S. Olesen (red.), *Navne og skel – skillet mellem navne* (NORNA-rapportar 91:2, s. 231–243). NORNA-förlaget.
- Særheim, I. & Kruken, K. (2018). Namn. I B. Mæhlum (red.), *Norsk språkhistorie II. Praksis* (s. 257–363). Novus.